

# holmgang



Bondeungdomslaget i Stavanger

2/74

2. årgang

Stavanger mai 1974

## Refleksjonar

Det var faktisk noko av det f rste eg gjorde da eg kom til Stavanger i haust. Melde meg inn i BUL. Det var ein gong eit skjema - men ellers gikk det no greit. F rste m te: S ndagskveldane. Og eit godt f rste inntrykk fikk eg. Det var faktisk ikkje s  vanskeleg   bli kjent - eg blei overraska over stadig   bli snakka til av "gamle" BUL - medlem. Det er ikkje s  vanleg alle stader det, nemleg'. Ein f lte seg faktisk akseptert temmelig raskt. Men dette var alts  tidleg i haust og vi var ikkje s  mange. Meire posetivt: Ein gjekk inn for   blande folk - folk er jo ellers ikkje s  flinke til   blande seg sj lv. Kva med mottoet (som nokre kanskje vil kjenne att?) "Dans og prat med minst eit ukjent menneske kvar s ndag" - det skulle ikkje vere s  vanskeleg   f  til, eller hva? Prate ja. Kaffiskvetten gir eit fint h ve til ein prat - men kvifor sette seg saman med dei same "gamle" kvar gong?

Leikarringen. Absolutt triveleg. Ein f ler seg faktisk ikkje dum om ein gjer feil, og det er jo ikkje verst! Eg har l rt mykje nytt dette  ret - dessutan noko p  ei "ny" m te - leikarringen i Stavanger har jo sine egne "tradisjonar" p  enkelte omr de.

Ny Oppleving: framsyning! Kanskje eg f r vere med?  nei, dei tok nok ut dei dei visste ville gjere det best. Det var vel ei "fin" framsyning da, siden dei m tte gjere det slik. (?) Javel, ting er no blitt endra - og godt er det. No f r dei vere med p  framsyning dei som ha lyst - og bunad!

Framsyning, ja. Kvifor framsyning? Kan og b r vi skilje mellom fleire slag? Til d mes:

1) Rein "stil-framsyning", som underhaldning (nokre kallar det prostitusjon) eller, som kulturspreiing. B r vi skilje mellom disse to?

2) Framsyning som direkte motivering.

I dette siste h vet kjem sp rsmålet om bunad sterkt inn i billetet. F r folk meir lyst til   begynne   danse etter   ha sett ei framsyning med bunad, enn ei uten? Og kva med dei som aldri f r vere med p  framsyning av di dei ikkje har bunad?

BUL, ja kva er det? Jo dei driv med folkedans og slikt. Eg likar folkedans.

forts. s. 11.

## HOLMGANG

Lagsblad for Bondeugdacslaget  
i Stavanger, Ø.Holmegt. 20.

Nr. 2.74

Redaksjonsnemda:

Kjellaug Hidle

Gudmund Syrtveit

Aud Søyland

Solveig Wixøe

Astrid Øi

Lagsavisa for BUL har kome  
inn i fastare form.

Det er meininga å gje ut  
fire nummer i året.

Det er ein fersk redaksjons-  
komite med lita erfaring frå  
slikt arbeid.

Avisa skal vere hovudlag og  
særlags talerøyr til medlemane.

Dessutan skal og bør lags-  
folka kome med sine meiningar  
om laget - både ros og ris.

Det er positivt at så mange  
har fulgt oppmødinga og kome  
med innlegg. Medlemane er betre  
enn særlaga. Kva er det særlag?  
Har dykk ikkje noko dykk vil  
fortelje medlemane? Vakkn opp!  
Spalteplass er reservert for  
dykk.

Kan ein få igang debattar  
er det bra, men truleg lite  
realistisk med så få nummer i  
året.

Det er meininga å kome ut med  
eit nytt nummer ca. 1. september.  
Stoff til dette må me ha innan  
15. august. Stoffet kan leveras  
redaksjonskomiteen eller medlem  
av styret.

God sommar.



2

## HAR DU LYST TIL Å VERA MED PÅ TUR?

No våren nærmar seg, får vi vel  
alle hug til å dra på tur. Vi  
treng alle koma oss bort frå "byens  
kjas og mas".

Neste utflukt vert ein tur til  
Månafossen 23. mai (Kristi himmel-  
fartsdag). Nærmare opplegg for  
turen er enno ikkje fastsett, men  
det vil koma oppslag i BUL med  
nærmare opplysningar der du óg  
får høve til å melda deg på til  
turen.

Desse første turane går til  
fjells, men mange av oss likar  
seg vel óg ute ved sjøen.  
I begynnelsen av juni (ikkje  
pinsehelga) har vi planar om  
å skipa telttur til ei øy eller  
ein holme ute i Boknafjorden.  
Vi håpar sjølvsagt på sol og  
varme til den tid, så vi kan  
bada, dessutan vil det bli høve  
til å prøva fiskelukka og om  
kveldane til å ta seg ein "svingom".

Er det mange som skal til Skogn  
på NU-stemme? I tilfellet vil vi  
prøva å arrangera tur dit for å få  
reisa billegare og kanskje få meir  
moro.

Nærmare opplysningar om dei  
forskjellige turane får du i BUL.


Jau, turnemda har mange planar,  
vi håpar berre på å få realisera  
dei. Til det er vi avhengige av at  
du støttar opp om det som blir skipa  
til. Har du gode råd å koma med, er  
vi også takksame for det.

Tur- og hyttenemda.

### (OSEBERG)-FUNNET

Mansjettknapp med motiv fra Osebergfunnet,  
funnet på juletreffesten.

Henvending til Berny Nilberg, tlf.22 080.



## EI FRIMODIG YTRING

På direkte oppmoding frå redaksjonen i Holmgang har eg lova å medverke med noko i bladet. Vera kva det ville anten kritikk av den dårlege oppslutninga om lagsmøta, medlemers slappleik eller kva som helst. No er det berre det at skrivekløa ikkje plagar meg til vanleg, men tenkte eg kunne gjera eit forsøk likevel.

Sjølve framlegget til tema er interessant så eg kastar meg ut i det med von om napp med å hissa opp nokon.

Professor Leiv Mjeldheim skriv om organisasjonssamfunnet at dei fleste vaksne menneske her i landet er organiserte i ein eller fleire organisasjonar. Dei som står utanfor alle samanslutningar utgjør knapt tredjeparten. I dei fleste organisasjonar er medlemskapen friviljug. Ingen kan tvinga folk til å melda seg inn, ingen kan hindra dei i å melda seg ut. Dette er den negative organisasjonsretten. Det positive motstykket skulle da vera retten for den einskilde til å bli med i den organisasjonen ho eller han ønskjer medlemskap.

Ein slik generell positiv organisasjonsrett har vi ikkje. Han gjeld berre for somme typar samanslutningar, dei som i prinsippet står opne for alle. Så er tilfelle med dei fleste ideelle og religiøse organisasjonar. Andre organisasjonstypar set krav til medlemskapet, som ikkje kvar og ein kan oppfylle: Krav om eit visst yrke, ei viss utdanning o.s.b.

Kor Bondeungdomslaget skal plasserast vil vel alle vera enige om høyrer med til dei ideelle. Ja, er det nett så. Eg har somme tider hatt kjensla av at ein "retter baker for smed".

Eg har heller ikkje tenkt å kasta meg inn i måldebatten, men vurdere Laget med noko haltande psykologi.

Nokre gonger har eg opplevd at somme medlem har vorte kritiserte for å ha skriva på bokmål sjølv om målforma i Laget er nynorsk. Men no er det det at mange har gått i 7-9-12, ja kanskje 15 år på skolen og aldre lært anna enn bokmål. Er det da rett å gjera åtak på den som har gått i gjennom systemet slik det er.

Ein kan vel ikkje forlanga at ein 7 åring seie eg vil ikkje ha bokmål, men nynorsk. Ofte trur eg mange kjenner dei ikkje når opp til dei ideala som står i føremålsparagrafen til BUL.

Dette gjer at mange kjenner seg mindreverdige som ikkje maktar eller lært det som dei skulle etter føremålsparagrafen. (Sjå Norsk Ungdom nr. 3.74. side 74, "Steinkjer UL med nytt namn og ny giv. Adresseavisen av 22.3.74. side 36 BUL Nidaros.)

Ikkje for det at eg meiner at BUL ikkje skal kunne bruka nynorsk som den offentlege målforma, nei, tvert om. Men dei som ikkje har fått si oppfostring i dette miljø må få kjenne seg likeverdige med andre. Dette kan, trur eg, vera noko av årsaka til at mange ikkje vågar seg frampå der dei kan gjera noko. Difor trur eg BUL på mange måtar kjem inn under Mjeldheims definisjon av organisasjonar med negativ organisasjonsrett umedveten.

Likevel har det NU og BUL står for sin rett. Det syner den store tilslutninga. Kva er det som gjer det. Det kan vel vera mange årsaker. Men eg trur det kjem mest av arbeidet fyller eit åndeleg tomrom som miljøet i kvardagen ikkje kan fylla. Ein kan vel med full rett seia at arbeidet for NU og BUL er ein motvekt mot den urbaniserte kulturen.

Håper mange no er så opphissa at det vert ein givande debatt.

Olav

## DANSEN I BUL

I BUL opplever me no ei veldig oppbløming av interessa for leik og gamaldans. Dette viser seg i god oppslutning om folkedanskveldane kvar søndag, det viser seg på alle slags dansekurs og på leikarringen sine øvingar og framsyningar.

### Leikarringen (tysdagsgjengen)

Etter føremålsparagrafen skal me arbeide for norsk folkedans og norske bunader. I styret tolkar med dette omlag slik:

- 1) Drive grunnopplæring så langt me maktar.
- 2) Øve opp ein god framsyningsring
- 3) Halde framsyningar for interesserte, særleg der det er sosialt behov for underhaldning
- 4) Motivere og hjelpe våre medlemmer til å skaffe seg bunad.

Ringene har god oppslutning. Den namnelista me opererer med no har omlag 80 namn. Det seier seg sjølv at skulle alle desse møte fram på ei øving, ville salen vere sprengd. Det ville vere uråd å få til ei nyttig og lærerik øving, og dansegleda ville det bli smått med. Etter nyår har det regelmessig vore omlag like mange jenter og gutar.

Denne oppslutninga er påfallande, særleg etter Finnlandsturen. All røynsle syner at ein leikarring får ein slakk periode etter eit slikt stort tiltak. 3 slitsame helgekurs synest heller ikkje å ha redusert framfærdet.

Eg vil våge den påstanden at me har fått ein god ring. Me har mange gode dansarar, og ringen er svært lett å instruere. I vår dansa me i ei kyrkje!! i Stavanger og gjorde der ein god figur, med fin, presis dans.

### Nye dansarar (måndagsgjengen)

Etter jul har radarparet Eli (Olsen) og Harry (Monstad) halde begynnar- og framhaldskurs i leik og gammaldans. (På slutten laut Harry i Sivilforsvaret og Rivedal overtok spelet.)

Det fyrste kurset var heilt sprengt og me måtte avgrense deltakartalet på siste kurset, for at deltakarane skulle få fullt utbytte. Dette kurset har skapt sitt eige miljø i den grad at dei "nekta" å avslutte før påske. Dermed blir me nøydde til å skøyte på kurset 3-4 måndagskveldar framover mot 17. mai. Slik "tvang" er heilt uvanleg og heilt gledeleg - i dei ljose vorkveldane.

### Tankar om framtida.


Denne oppslutninga skaper problem for oss - lykkelege problem! Det ser ut til at me lyt til med ring II igjen til hausten. Ein har vore inne på den tanken at denne ring II skulle ha eit noko anna siktemål enn hovudringen, t.d. noko i retning av "vener av gamaldans".

Til hausten skal me så ha begynnerkurs igjen. Det er kanskje tidleg å tenkje på dette endå. Men skal tilstrøyminga auke som hittil, har me ei klar plikt på oss til å prøve å skaffe nok kurs-tilbod. Kanskje blir det to parallelle begynnerkurs frå september av (måndag og torsdag?)

Me er i gang med å sjå oss om etter lokale - ettersom vårt hus no er sprengt, må me visst ut på byen. Instruksjon og spel ser ut til å gå i orden.

Oppgåvene ventar - me gruar og gler oss.

Nils



LIVET ER IKKJE BERRE EIN DANS !!!

Skal vi ikkje kutta ut ein del folkedanskveldar til fordel for lagsmøte? Då måtte vi i tilfelle få skikkeleg med folkedans på lagsmøta. Slik det er idag har berre medlemmene 7 kveldar i veka å gå ut på. Når den åttande så vert onsdagsmøte vert framfærdet deretter.

Kva meiner DU?

(Det står ein grøn postkasse utanfor døra til storsalen. Gi ditt syn til kjenne).

LEIKLEIARKURS PÅ RYFYLKE FOLKEHØG-  
SKULE 8., 9. og 10. FEBRUAR 1974.

Dette kurset var det 14. i rekka som vart halde på Ryfylke Folkehøgskule i februar/mars månad.

Kursdeltakarane kom frå Rogaland og søre Hordaland. Kursleiar var Ottar Vandvik, formann i Rogaland Ungdomslag, som og var tilskipar av kurset. Lærarar var Else Elise Sæthre frå Sogn, nå barnelagsleiar i NU, og Nils K. Nersten frå Setesdal, nå formann i leikarringen i BUL, Stavanger. Spelemann var Lars Berge frå Sånd.

Då kurset vart opna fredagskvelden var enno ikkje alle deltakarane nådd fram. Men dei kom i løpet av kvelden, så alle var samla til kosetunda i Peisestova.

Kurset opna med presentering av lærarar og deltakarar. Programmet for kurset vart lagd fram og det vart vist билетband med glimt frå NU's arbeid. NU har nå ca. 29 000 medlemar fordelt på 800 einskildlag og 33-34 fylkeslag.

Programmet for kurset var godt og variert. Vi fekk instruksjon i leikleing og høve til å syna kva vi hadde lært. Vi gjekk og gjennom nokre av dansane på samdansprogrammet for stemnet til sumaren.

Vi vart delt i grupper som fekk ulike arbeidsoppgåver. Oppgåvene omfatta ungdomsarbeid, barnelagsarbeid, leik- og danseprogram. Kvar gruppe vart sett saman av folk frå ulike stader og av ulik alder og kjønn. Dette var vel ein av årsakane til at oppgåvene vart løyste på ein så framifrå måte. På den måten vart vi og betre kjende med kvarandre.

Folkehøgskulen var som elles framifrå vert. Særleg glade var vi for å få lov å nytta symjehallen. Det kunne vel vera naudsynt etter heile dagen med dansing og arbeid.

Laurdagskvelden var det elevkveld på skulen. Emnet for kvelden var "Forurensing". Ungdommane hadde laga eit godt og engasjerande

program. Kvelden vart avslutta med leik og dans. Det vart og dansa internasjonale folkedansar. Mange av desse har mykje til felles med dei norske folkedansane.

Desse leikleiar kursa gjer sitt til å utvikla kjenskapet og samhaldet mellom dei einskilde ungdomslaga i fylket. Vi får vener alle stader. Dei gjer og sitt til å spreida kjenskap til folkeviseleik og gamaldans.

Lærarane på kurset Else Elise Sæthre og Nils K. Nersten var inspirerande lærarar. Dei hadde akkurat rette blandinga av mynde og humør. Ein ekstra honnør til Else Elise Sæthre som nett var komen opp or senga etter ein influensa, og som enno hadde ein sår hals.

Kurset vart avslutta søndag middag med kurskritikk. Det var mest ros til kurset. Men vi var samde om at vi var for mange på dette kurset. Vi var ca. 60. Hadde vi vore 30-35 deltakarar ville vi blitt betre kjende med kvarandre, og det ville vore lettare for lærarane.

Men - det var eit vellukka kurs og takk skal de ha Ottar, Nils og Else Elise.

B.N.



## FORMANNEN BED OM ORDET

Så er denne vintersesongen snart over, og me kan sjå tilbake på det arbeidet som har vorte gjort. For mykje alvor seier ein, for lite seier hin og den tredje seier feil prioritering. Ja, ja, med ein mediemsflokk på omlag 300 er det uråd å gjera slik at alle vert fornøgde.

Leikarringen og barnelaget har god oppsluttnad, og dei fleste utanforståande kjenner nok best til desse serlaga, då dei viser mest igjen.

Amatørteateret vakna og til liv att i vinter, noko som er gledeleg. No har med og fått ei eige redaksjonsnemd til å ta seg av lagsavisa så no skal det og koma i faste former. Det er nokre år sidan sist at Bondeungdomslaget hadde eige medlemsblad.

Alt dette er no vel og bra, og all ære skal dei ha alle dei i dei ulike særlag og nemder som legg ned mykje arbeid for laget. Men det ser ut til at både gamle og nye medlemmer gløymer at dette berre er ein del av Bondeungdomslaget.

Kvifor ikkje ha lagsmøta som ein treffstad der du kan finne gamle og nye vener? Samstundes kan du ta del i eventuelle diskusjonar over saker lagsstyret legg fram, slik at det verkeleg vert laget som vedtek det, og ikkje berre lagsstyret. Du ser, Bondeungdomslaget er ingen ting utan medlemene.

Difor fører det og med seg plikter å vera medlem. Dette er visst ikkje alle klar over, eller vil ikkje vite det, men går berre og snyltar på arbeidet til dei andre. Er dette rett?

Kvifor kan ikkje du og ta din tørn i den oppgåva styret set deg til? Og skulle det ikkje høve for deg akkurat den dagen, kan ikkje du finne ein i staden din?

Så til slutt: Skulle det vera noko du er missnøgd med, så kom til styret med det. Som oftast vert det styret som sist får vite slike ting, og då som rykte på byen. Lagsmøta og lagsavisa er fine forum å ta opp slike saker på. Faktisk best på lagsmøta, for då kan me få ei direkte meiningsutveksling.

Sidan eg reiser no, (i slutten av april) og ikkje kjem att før til hausten, vil eg få ynskja dykk god sumar, og velkomen til ny dyst i haust.

Og i sumar nyttar me sjølv sagt hytta.

Audun.



## EIT ONSDAGSMØTE

Klokka 20.00. Dei fleste av komiteen har meldt avbod. Dei kunne ikkje vere med. Som oftast kjem denne meldinga svært seint.

Har dykk ikkje ansvars-kjensle lagsfolk? Veit dykk ikkje at dykk og har pliktar og ikkje berre rettar med å vere med i BUL?

Vel, andre som kjem innom hjelper til med å få borda på plass, dukar og koppar på bordet. Det vert koseleg.

Klokka vert 20.20, ein liten flokk er komen. Salen fyllest ikkje.

Den 27/3 var Sogn og Fjordanelaget våre gjestar. Kva skjedde? Dei få BUL folka samla seg ved tre bord. Gjestene våre sat med andre bord. Kva er vertskapsplikta våre? Kanskje er det nokre som er potensielle medlemmer. Desse bør me freiste å finne fram til. Personleg kontakt er mykje betre enn ei oppmoding frå talarstolen.

Eg gjekk heim tidleg - skuffa.

## GAMLE SULDALSUTRYKK

Mikjelsmessdagen ved nonstider gjekk eg ein tur på Hønsaberhauen. Det gjekk el i nutane og var ørlite ovabor. Der sat eit gammalt par. Dei var ikkje forøvne, dei ba meg komma hega. Og dei drøste om gamle dagar då dei var banskne.

Dei var godt klødde, káno hadde kjekahuva, vedmålssnørliv, bol, pills og førføtt så va godt tøvde. Han gjekk med vedmålstrøya, låkaboksa og han hadde kjørkjerekt i skočne. Dei måtte kle seg godt for gikto reiv i mjødne, hommelsbøtene og mjåryggen. Káno hadde vore så lemster i det sista. Ho meinte det vart så rein gale itte dei hadde bala med slakting.

Ho hadde vore i bekkjen og skylt or butlongen og butlongsbroren, feitegadnene og velenden. Då rispa det så i lemmene at ho hadde lie ut ålrakjen på båsbreio med ein busserull til hovnesjor og kvetel og rugga oppå seg. Fidlo hadde skinnrøyto tekje. Men ho måtte visst byta sengjabåset, der vår kome utål i det.

Nå sto dei og kaga etter om nokon av bodno kom. Dei hadde hatt ein heil kreminje med bodn. Men dei var utfåkne adle. Sume heilt til Jova i Amerika. Sume ut med sjokanten. Dei hadde hadde sjilderier av dei ligjandes i eit ilåt i kisteleddiken. Monge brev låg der og i eit futeral.

Dei hadde ikkje ålbrøst på bådno sine lenger. Den eine sonen var gift med eit vandøvle, eit møvette. Jote va hu og va det lyandes te.

Ei dotter hadde og sjåsvæve, men ho vart gåande peparmøy. Ein annan som hadde fátte gifta si fra sjokanten, ho var kje så ueffen. Endå ein annan som va gift med eit rektigt utysje. Der Jonst ikkje sesemd dilligare sje-palag med henne. Og mannen styrde ho med som ein annan varavott. Å fekk te den eina gjysja verre enn den andre om han. Men du veit han har ikkje hatt noko va, han tok smmsala.

Nei nå kan eg ikkje stauva lenger sa káno, me har så møkje å ivareta det er kje endaløkt på nokon ting så ein kan bli i hovætto.

Og så er med bedde i sælaba og. Så det er kje fosstova føre.



## GUBBELAGET

Herr Bladstyrar.

Sidan Gubbelaget driv eit nokso anonymt tilvære, kan det vera på sin plass å fortelja lagsfolk om dette serlaget.

I motsetnad til dei andre serlaga i laget, dei som har til oppgaver å aktivisera lagsfolka i den eine eller andre leid, er Gubbelaget ei samling av eldre lagsfolk som kjem saman nokre gonger for året for å minnst den tida: "Den gang da jeg var pige, da var der piger til". Men sidan dette er lagsfolk med ein viss alder, so vil avgangen av naturlege grunnar gjera seg gjeldande meir enn i dei andre serlaga.

Som De skynar har me trong til å fornya oss, og er du ein lagsmann som er komen på fråstand frå hovudlaget vil det høva for deg å vera med i Gubbelaget. Der vil du halda kontakten med laget ved lika.

Ta kontakt med anten under-skrivne, eller formann Bjarne Stangeland, tlf. 21 404.

Helsing

Ole Nærheim  
Tlf. 31 184

## FRAMANDARBEIDARPROBLEMATIKKEN

Inntrykk frå ein ungdomskongress i  
Porec, Jugoslavia.

I tida 22/2 - 26/2, 1974 vart det halde ein kongress om framandarbeidarproblema. Det deltok ca. 60 ungdomar fra 17 nasjonar. Fra Norge deltok NSU, NGU, AUF og NV.

Kongressen var delt i tre.

1. Sosiale og økonomiske årsaker til framandarbeidarproblematikken i Europa.
  - a) Dagens situasjon og moglege framtidig utvikling.
  - b) Organisering av fritida til framandarbeidaren.
2. Informasjon til framandarbeidaren.
3. Ungdomsorganisasjonanes engasjement i framandarbeidarproblematikken.

Framandarbeidarproblematikken er ei fortsetjing av flyttinga frå land til by.

Byane klarer ikkje å skaffe alle arbeid.

Det er ikkje økonomiske resursar til å bygge ut næringslivet så snøgt at alle kan få arbeide. Rasjonalisering og modernisering slukar i utviklingsland så mykje av kapitalen at det ikkje er nok att til vidare utbygging av næringslivet.

I mottakarlanda, som er dei mest industrialiserte land i verda er mangel på arbeidskraft ei hindring for vidare ekspansjon i næringslivet.

Innbyggjarane vil ikkje ta dei simplaste jobbane.

Framandarbeidarane løyser dette problemet.

Dei norske problema er små. Tyskland har t.d. ca. 2,5 mill. framandarbeidarar eller ca. 10% av alle arbeidstakarane, Sveits 30%.

Framandarbeidarane vert isolerte, dei kjenner ikkje sine rettar, det nye landet sitt språk og skikkar.

Kva kan ungdomsorganisasjonane gjere?

Fyrst og fremst freiste å få framandarbeidarane med i laga. Med det får dei kontakt med norsk ungdom.

Den skepsisen som er blant nordmenn vil verte brote ned.

Gjennomsnittsalderen på framandarbeidarane er 25 år. Det er difor klart at det er ungdomsorganisasjonane som er ein av dei rette stadane til å løyse dette problemet.

I Stavanger er ein av tillitsmennene engelsk. Det same gjeld Kristiansand.

Dette gjer at kontaktledet til utlendingane er der, og ein kan lettare finne fram til dei rette kanalane for kontakt til utlendingar.

Kort om opplegget på kongressen. Mest alt gjekk føre seg i plenum. Dette gjorde at det (truleg) vart mange offisielle fråsegner. Den kommunistiske propagandaen var klar.

Gudmund.





## KVA ER NU?

Ettersom det etter kvart er komne mange nye medlemmer inn i Bondeungdomslaget trur eg det er rett å nemna korleis vi høyrer heime i familien.

Bondeungdomslaget i Stavanger er medlem i Rogaland Ungdomslag saman med dei andre einskildlaga i Rogaland. Vidare er alle einskildlaga i Rogaland med i Noregs Ungdomslag.

Medlemstalet i Noregs Ungdomslag er rundt 30.000 medlemmer med smått og stort fordelt på snautt 800 einskildlag. Med andre ord er det ein stor familie vi er med i "NU-familien".

Styret i Noregs Ungdomslag er på 5 medlemmer som er frå forskjellige stader rundt om i landet.

Når det gjeld medlemstalet ser det også i år ut til å auka litt, men det vert nok ikkje mykje for for der nokre lag aukar, minkar andre lag.

Denne tida er den mest hektiske innan sentralorganisasjonen. Mest på grunn av at årsmøtet skal førebuaast med årsmelding, rekneskap m.m. Det er gledeleg å konstatera at rekneskapen for 1973 syner at dei 200.000 kronene i underskot i 1972 har minna monaleg. Kor mykje får dei sjå når så langt lid.

Grunnen til dette ligg mykje i at dei tilsette i organisasjonen er pressa til det ytterste når det gjeld arbeid. Det er ikkje mange arbeidsplassar der dei har det så knallhardt. Det meiner eg det er rett å vera klar over når vi kanskje ikkje får svar på dagen på førespurnader o.l.

Stemna og årsmøtet skal gå føre seg i Skogn i sommar i tida 26/6 til og med 30/6. Sjølv om du ikkje vert utsending til årsmøte bør du reia dit. Det vert ei flott opplagt stemne (trøndarane kan det) slik at vert det ei stemne på deg, vert det ikkje den siste. Neste år står Kristiansand for tur.

Sommartid er også kurstid. 29/7 - 10/8 er fleire kurs for leiarutdanning klar i Rauland i Telemark. Det gjeld barnelagsleiarkurs, ungdomsleiarkurs, leiklærarkurs, teaterleiarkurs og spelemannskurs. Dersom noko av dette skulle vera av interesse er det berre å snakka med styret i BUL. For dei som er interesserte i naturvern er Soleggen staden.

Andre tilbod finnst og. M.a. Nordisk Leir for Ungdom, tur til Finnland, Island og England og mykje mykje meir.

Og så må vi kkkje gløyma at dei håpefulle i barnelaget skal til landsstemne på Inderøya (det også i Trøndelag) i sommar.

Dette var berre ein del småplukk frå Noregs Ungdomslag. Meir får vi koma tilbake til i seinare nummer.

Ottar



### GIFTE

Kirsten Egeland og Gjeruld Johansen  
Else Brit Rosnes og Reidar Haugnes  
Kristin-Marie og Jostein Særervik

### TRULOVA

Bodil Moen og Per Lorentzen

NOKRE TANKAR OM BYGDEDANS; SPESIELT  
OM SPRINGAR.



Vi har i dei siste åra hatt fleire kurs i springar, og mange har såleis fått ein smakebit på ein litt annan dans enn som normalt er vanleg i leikarringar. Springar, pols, gangar og vossarull høyrer med i det som vanleg vert kalla bygdedansar og må ikkje forvekslast med turdansar eller nyare gamaldansar (reinlender, vals). Dette p.g.a. at bygdedansane har sine særlege kjennemerke som det er all grunn til å ta vare på.

Bygdedansane har ei svært fri oppbygging, det er ikkje slik at ein viss del av dansen høyrer saman med ein viss del av musikken, og dansaren har eit visst utval av turar og steg som han byggjer dansen opp av. Han har ein del hovudreglar å gå etter, og ellers improviserer han nokså fritt. Det er likevel skilnad på kva fridom dansarane har i ulike landsdelar.

Det som gjer bygdedanstradisjonen så rik er alle dei lokale variantane av same hovudforma, det er knapt ikkje prinsippiell forskjell mellom alle springarane, bortsett frå ulik taktart.

Dei fleste kjende springarane har same grunnoppbygginga og samdansdel. Etter at lausdandsdelen er slutt, heldt ein fram med vendingsdelen att utan nokon slags stogg, og ein kan dansa oppatt vendingsdel, lausdans og samdansdel i same rekkjefylgja fleire gonger før spelemannen stoggar.

Dei mest typiske springarane har ein rik vendingsdel, og det gjer at dei har ei friare oppbygging som gir større høve til improvisasjon og skaper lokale variasjonar sjølv innan små område.

I folkelig tradisjon var det vanleg å læra dansen direkte der elev lærde beinvegs av ein som kunne det betre. Og dansarane dansa då den enkle forma til dei var sikre i rytme og steg. Dei flinkaste kunne då med tid og stunder ta etter vendingar dei såg, eller improvisera nye sjølv, heile tida innanfor den rytme og stil som låg til dansen.

Når så dansen vart førd over i organisert opplæringstradisjon, vart det svært om å gjera for dei som heldt kurs å få springaren så lang og flott som mogeleg. Dermed tok dei alle variasjonane ofte frå fleire dansarar og sette så dansen opp i ei mengd faste turar. Såleis kan dei dansa dansen gjennom 3 - 4 gonger, og rekne kvar gong som ein fast tur, og dermed endra strukturen i dansen totalt og fjera han til ein lang og vanskeleg turdans. Dette å velja fritt mellom fleire måtar å gjera det på har stort sett falle bort i opplæringstradisjonen.

Dei mange framsyningsringane har og prøvd å få fine flotte dansetypar fram, og har sterk stødd denne tendensen for å få fine framsyningsprogram. (typisk eksempel: Reinlender m/turar og Veva vadmål).

\* Den Vestlandsspringaren som vi har lært, vart i si tid sett saman av 4 - 5 forskjellige springarformer frå deler av Vestlandet, med det formål å få ei fin framsyningsform i ei tid bygdedansen var "populær". Dansen vart fin å sjå på, men vart samtidig vanskeleg for vanlege dansarar. Ein må tenkja steg og turar i staden for på dans, svikten og rytmekjensla vart borte, og dansen vert turr og keisam. For å få føling av "fart" over dansen må så musikken auka tempoet for å kompensera for tapet av det fine rytmespelet som skulle ha vore mellom taktstega. Det er typisk at hardingspel som er rikt på nyansert rytmespel, verkar seint og tregt på oss som berre trør hovudtaktene (dette gjeld også reinlender, rull osv.)

Lat oss få fram att den stutte enkle forma av dansen og læra henne først, så rytme og form blir naturleg for dansarane. Då kjem dansegleda, då kjem variasjonane, og dansen blir like rik som han var hos meisterdansaren - eller vi kan dansa vår enkle form og ha glede av det.

Eg trur at bruken av enkle former og større vekt på rytmegleda vil gjera det enklare å skapa eit godt folkedansmiljø.

Gaute.

## REFLEKSJONAR . . . .

Eg melder meg inn. - Satt på Spissen? Kva veit folk om BUL? Korleis "lokkar" BUL folk til seg? Tydeleg at søndagskveldane er trekkplastret. Altså: Dans. Kva ellers driv BUL med? Nei, det veit vi ikkje, og er heller ikkje interesserte, stort sett. Jo, kanskje likevel? Kvar får vi greie på noko? Vi spør medlemma, for dei har sjølv sagt greie på det (!) (?) Neivel, vi får lese litt for oss sjølv.

Onsdagskveldar - åja, det er visst noko dei mest ivrige går på det, eller dei som ikkje har noko anna å ta seg til kanskje? Det er visst stort sett keisamt seier dei som har greie på det, dei går der mest av pliktkjensle. Litt av ein PR! PR, ja. Har du mista programmet (kvar for eit program?) kan du vere ganske trygg på at ingen plagar deg noko særleg med opplysningar om kva som skjer neste onsdag.

Men vi gikk altså heim for å orientere oss litt. Litt lesing + litt tankeverksemd kan føre til motforestillingar. (Det kan faktisk det) - noko som vel både BUL og leikarringen sitt styre mottok med glede - ein har jo ikkje for mange av dei hos medlemma. Motinnlegg får folk til å tenkje. Men eit møte tek lengre tid når deltakarane tenkjer. Motinnlegg vil berre skape ekstra vanskar. Det er lett nok for ein som er god til å snakke, å skape misstemning mot den slags innlegg og få forsamlinga over på si side. Så greit å ha nokon til å tenkje for seg! Og vi har det da bra nok som vi har det. Det er jo først og fremst dansing vi er interesserte i, og dans, det blir det. Men nokre må jo alltid kritisere. Jaha. Men kvifor ikkje ta kritikk positivt? Kritikk kan ein lære av, kritikk viser iallefall at der er nokre som er interesserte. Medlemma? Kvifor skal dei vere interesserte? Vi har jo eit styre som er interessert for oss, det er dei som skal ta alle dei viktige avgjerdene. Vi skal berre velge dei, så treng vi ikkje vere interesserte lenger. (!) Kven tør klage over at det ikkje kjem mange på ein onsdagskveld der ein skal ta for seg BUL's oppgaver for neste år?

Eg melde meg inn i BUL. Eg likar folkedans. Ja eg gjer faktisk det. Eg er glad i fokedansen - og musikken! Kva med ein lydaslått innimellom? Vi bør og lære å sette pris på musikken i seg sjølv, ikkje berre fordi ein kan danse etter den.

Har eg terga opp nokon no?  
Hugs: Motforestillingar (og derav komande innlegg) mottakast med glede!

R.A.M.

## RØYKING - EI PRIVATSAK?

Røyking er ei privatsak, heit det. Nei, det er ei samfunnssak meiner eg. Veit du at 20% av arbeidsskifting har skuld i sigare røyking?

Veit du at det døyrr fleire personar i Noreg av sigarett-kre enn i trafikkulukkene?

Veit du at rom der ein skal røykje bør ha minst 30% meir utlufting enn der ein ikkje røykje

Utlufting betyr varmetap. Al går det med minst 30% meir varme

Før du klagar neste gang over dumme politikarar og misbruk av ressursane og trygdene våre, bør du tenkja på kva du sjølv misbrukar. Til og med Sterilan må gjeva opp der sigarett røyken sit fast.

Magnus



## AKADEMIET I RAULAND

Bondeungdomslaget i Stavanger er som kjent medlem i Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag. Desse to organisasjonane står saman med Norsk Folkehøgskolelag attom Akademiet i Rauland.

Dersom du eller slektningar av deg skal ta til på folkehøgskule til hausten, bør du undersøkje om dette er noko. Opptaksalder er eit år høgare enn vanleg folkehøgskule. På samtidslina som mellom anna tek sikte på å utdanna ungdomsleiarar har Rogala Ungdomslag sett opp eit stipend p 500 kroner.

VIRKAR DETTE INTERRESANT?  
Skriv då etter plan til

Akademiet i Rauland  
Rauland i Telemark.

## QUO VADIS - BUL?

Blandt ikkje BUL-folk er laget kjent som ei folkedansforening og ikkje noko anna. For å vere med der må ein ha bunad.

Det er på tide at me kjem ut av denne bakevja.

Folkedansen er sjølvsagt vesentlig, men det er mange - svært mange - ungdomslag som har dansa seg ihel. .

Laget må identifisera seg på andre felt og. Eg tenker då fyrst og fremst på at me må ta standpunkt i aktuelle politiske og kulturelle saker. Helst bør me fatte vedtak slik at dette kan verte kjent utanfor BUL t.d. ved pressemeldingar.

Sjølvsagt må me ikkje verte identifisert med noko parti.

Kor mange gonger har ein ikkje høyrte at ein er senterpartimann når ein seier at ein er medlem av Bondeungdomslaget.

Ein kan ikkje vente at alle medlemane skal verte einige om dei ulike aktuelle sakene, naturlig nok, men på denne måten kan ein tvinge lagsfolk til å ta standpunkt. Det er ein folkesjukdom at folk i dag ikkje kan seie ja eller nei, men berre kanskje.

La oss verte eit lag av folk med meiningar og ikkje ein flokk av tja-folk.



## LANDSDELSPLANEN I EIT NØTTESKAL

Blir landsdelskomiteens forslag følgt opp i praktisk politikk, vil dette skje med landsdelen i tidsrommet fram til 1990:

- Folketalet veks frå 486.000 i dag til 600.000.
- Halvparten av folketilveksten kjem i Jærenregionen.
- Dette gjer det nødvendig med 45.000 nye arbeidsplassar.
- Utbygginga skal skje i ein senterstruktur av
  - huvudsentra med minst 100.000 innb. som grunnlag
  - områdesentra med minst 10.000 eller 5.000 innb. som grunnlag
  - lokalsentra med minst 1.000 innb. som grunnlag
- 9 av 10 i Jærenregionen skal bu i tettstader
- Sysselsetjinga i primærnæringane går ned med nesten 50%

- Rasjonaliseringa i industrien skaper utrygge arbeidsplassar og krev stort arealforbruk
- Ved ilandføring av Nordsjøolje vil etablering av eit petrokjemisk anlegg trengje 5.000 da. Dette tilsvarar 20 % av all dyrka mark i Ryfylke
- Kraftslukande industri vil ekspandere og tredoble energiforbruket
- Transport med båt og bane stadig meir over på vegane
- Import av ung arbeidskraft frå vekk-sentraliserte utkantstrøk
- Aktivitet og miljø i lokalsamfunnet i utkantområda vil bli utarma.

Er dette ein økologisk riktig distriktpolitikk?